

Vestlandsutstillinga opnar laurdag

**INGEN TITTEL:** Dette kunstverket har ingen tittel, men edderkoppane symboliserer motsetningane ved å bu i eit av verdas tryggaste land og er skapt av Kjersti Sletteland. – Vakkert, seier styreleiar for

# Sensuelt og skremmande i



**EINASTE:** Hans Sande er einaste lokale kunstnar, opplyser Anna Skadal Jonstad. Han stiller ut verket «Snøliv».



**RIGGAR:** Arnstein Mygland (t.v.) og Ragnar Børsheim jobbar med presisjon når kunstverka skal på plass.

Dei er sensuelle og vakre, men også skremmande. Edderkoppane er skapt av kunstnaren Kjersti Sletteland, og er eitt av dei 21 verka som blir vist under Vestlandsutstillinga i år.

KULTUR
Svein Heggheim
svein.heggheim@firda.no

– Spennande, seier styreleiar for Vestlandsutstillinga, Anna Skadal Jonstad.

Og då tenkjer ho både på edderkoppane med sensuelle kvinnebein og arbeida til dei andre 19 kunstnarane som har komme seg gjennom det trange nålauget. 250 kunstnarar søkte om å få plass, og berre éin av dei 20 heldige kjem frå Sogn og Fjordane, nemleg Førde-kunstnaren Hans Sande.

## – Omfavnar komforten

Edderkoppane til Kjersti Sletteland viser til det motsetningsforholdet det er å bu i eit av verdas tryggaste land.

– Vi omfavnar komforten, samstundes som vi blir fylte med uro over brutaliteten i verda, seier kunstnaren.

Anna Skadal Jonstad karakteriserer utstillinga som den mest krevjande Sunnfjord Kunstlag har stilt ut så langt. Åtte-ni personar jobbar med å montere utstillinga. Det heile starta måndag, og seinast laurdag føremiddag skal alt vere på plass.

– I år bruker vi Førdehuset på ein ny og spennande måte. Store deler av Førdehuset blir teke i bruk, både biblioteket og hallen. Dessutan blir det kunstnarisk opning i myldrerommet. Også skywalken i sentrum blir teken i bruk som utstillingslokale, smiler styreleiaren.

## Frir til fabuleringsevna

Årets utstilling frir til tilskodarane si fabuleringsevne innanfor eit stort mangfald. Og trur du det handlar berre om skulpturar og verk som kan hengast på veggen tek du feil. Årets utstillinga handlar om samtidskunst, og her er det opning for videoinstallasjonar, performance og lydinnstalasjonar.

Laurdag ettermiddag er det duka for opningsframsyning i myldrerommet. Også her handlar det om kunst, men då hovudsakleg musikalitet i form av musikk og performance.

– Performance-kunstnarane blir sentrale under opninga, og dette blir sjansen til å sjå desse kunstnarane under utstillinga, seier Anna Skadal Jonstad.

93281409



Vestlandsutstillinga Anna Skadal Jonstad. Alle foto: Svein Heggheim

# Førdehuset

## Vestlandsutstillinga 2007

**Opnar i Førdehuset** laurdag, open til 4. mars. 245 kunstnarar søkte om plass, 20 kom gjennom nålauget.

Utstillinga omfattar 21 kunstverk av følgjarane kunstnarar.

- **Agnes K. Johnsen,** Stavanger, foto og maling
- **Ann Kristin Bergesen,** Stavanger, perfromance
- **Hjørdis Kurås,** Oslo, lydinstallasjon
- **Jannicke Kristoffersen,** Stavanger, akvarell/teikning
- **Jan Steffensen,** Stavanger, blyant på papir
- **Karima Risk,** Los Angeles, video
- **Hans Sande,** Førde, foto
- **Karl Ingar Røys,** Volda, video
- **Kjersti Sletteland,** Bergen, skulptur
- **Kjetil Kausland,** Stavanger, foto
- **Kristian Øverland Dahl,** Asker, samtidskunst
- **Kristin Lian Berg,** Klæbu, video og bok
- **Lindsay Seers,** London, ivitert performanceartist
- **Magny Tjelta Jaatun,** Stavanger, akvarell
- **Sex Tags,** Østerrike, tusj på papir
- **Sidsel Christensen,** Kolding, video
- **Signe Christine Urdal,** Stavanger, foto
- **Sturla B. Grøvlen,** Trondheim, video
- **Sverre Malling,** Oslo, kolstift
- **The Hyngry Hearts,** performance
- **Ulf T. Kristiansen,** Stavern, animasjon





Peugeot 307 OXYGO
Velutstyrt fransk spesialmodell




www.peugeot.no

**Peugeot 307 Oxygo er en sporty spesialmodell som leveres med mye ekstrautstyr som standard. Fåes også med den kraftfulle og miljøvennlige HDi turbodieselmotoren på 90 Hk. Disse modellene er blitt svært prisgunstige etter avgiftsreduksjonen.**

**PEUGEOT 307 OXYGO HAR I TILLEGG TIL UTSTYR NEVNT OVER:**

- 6 kollisjonsputer
- ESP (elektronisk stabilitetsprogram)
- 2-sone automatisk klimaanlegg
- Radio/CD-spiller med 6 høytalere
- Fjernbetjent sentrallås
- Elektrisk betjente vinduer
- Kjørecomputer
- Panorama glasstak (SW)

**307 KOMBI 1,6 l HDi 90 hk kr 234.700,– (reduksjon kr 19.263,-)**
**307 SW 1,6 l HDi 90 hk kr 265.800,– (reduksjon kr 18.056,-)**

307 PEUGEOT

**Inkludert leveringsomkostninger og frakt, årsavgift kommer i tillegg.** Drivstoff forbruk v/blandet kjøring 0,65 l/mil, HDi 0,49 l/mil, CO2 utslipp 155 g/km, HDi 129 g/km. Bildet er illustrasjonsfoto og utstyr kan avvike. Veil. priser pr. 01.01.2007 levert Førde. Importør: Bertel O. Steen AS.

Førde Bil Partner
Øyrane 6, 6801 Førde – Tlf. 57 72 41 00


93281409